



Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1595 - 17/12950

Saksbehandlar:

Marius Flemmen Knudsen

marius.knudsen@meland.kommune.no

23.06.2017

## Søknad om bygging av landbruksveg på Gbnr. 13/3 og 4 Røyset i Meland kommune

Tiltak: opprusting av 230 meter eksisterande traktorveg til vegklasse 7 og bygging av 113 meter ny traktorveg i vegklasse 7.

Gbnr: 13/3 og 4

Kommune: 1256 Meland

Frist for uttale: 21.07.2017

Meland kommune har motteke søknad frå Signar Andre Skarsvåg og Oddny Røyset om å få bygge 113 meter med ny traktorveg i vegklasse 7, og opprusting av 230 meter av ein eldre traktorveg til vegklasse 7. Det vert søkt om opprusting og nyanlegg for å få betre tilkomst til jordbruksareal og for å tilkomst til skogen.

Bygging og opprusting av landbruksvegen vil vere eit viktig tiltak for å betre tilkomsten i jordbruksdrifta på gbnr. 13/3. Det går i dag ein eldre traktorveg på innmarka, denne er lagd av jordmassar funne på staden, og har blitt tilpassa litt til bruken gjennom mange år. Landbruket krev stadig fleire og større maskiner, og i eit vått klima er det viktig med god vegtilkomst. Vegar kan redusera køyring på innmark og difor redusera køyreskader og jordpakking.

Det er søkt om å forlenga traktorvegen inn til naboeigedom gbnr. 13/4 ved bygging av 113 meter i vegklasse 7 som nyanlegg. Ved å bygga på vegen vil ein få betre tilkomst til jordbruksareal som ikkje har veg heilt fram. Vidare vil vegen gå inn til skogen på eigedom Gbnr. 13/4. For bruk 13/4 vil vegen gje ein god tilkomst inn i skogen, grunna helling og terrengutforming er det vanskeleg å byggja ein enkel og god tilkomst frå tunet og opp. Bruk 13/4 har eit område med mykje vindfall, som må ryddast opp. Det er difor viktig å sikra ein god tilkomst for å få ut tømmeret. Traktorvegen vil også letta tilkomst til skogteigen, som er viktig for å drive skogskjøtsel og tilsyn av skogen.

Etter for skrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar, kap. 3, vedtak og villkår mv § 3- 1, skal kommunen før eit vedtak fattast innhenta dei uttaler som er naudsynte, jf. § 1 - 1. Kommunen ynskjer å klarleggja om det er automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne på staden før saka

---

**Postadresse**

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

**Kontakt**

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

vert handsama. Saka vert sendt Hordaland Fylkeskommune og kulturavdelinga i Meland kommune for uttale.

Kommunen sendar også saka over til Fylkesmannen i Hordaland for uttale jf. § 3 i landbruksvegforskrifta, der Fylkesmannen vert gitt høve til å uttale seg i sakar om nybygging av skogsbilvegar.

Søknadsskjema og kart over tiltaket er lagt ved.

Med helsing

Marius Flemmen Knudsen  
skog- og miljøkonsulent

**Kopi til:**

Signar Andrè Skarsvåg

Røysetvegen 100 5918

FREKHAUG

**Mottakere:**

Fylkesmannen i Hordaland

5020

BERGEN

Hordaland Fylkeskommune v/

5020

BERGEN

kultur- og idrettsavdelinga

Meland kommune v/

Kulturavdelinga